



Leve heile livet i Modalen!

Vedteke i kommunestyret 09.12.21, sak 20/358

INNHALD	SIDE
Innleiing	3
Føremål	3
Forankring	3
Bakgrunn og behov for endring	5
Planlegging i Modalen kommune i dag	5
Demografisk utvikling	6
Økonomi	7
Aktørar og interessentar	8
Føresetnadar for å lukkast	10
Kunnskapsgrunnlaget	10
Kartlegging 2019	11
Mål	13
Aldersvenleg samfunn	13
Mat og måltid	14
Helsehjelp	15
Samanheng i tenesta	15
Aktivitet og fellesskap	16
Evaluering	17
Undervegsevaluering	17
Sluttevaluering	17

Innleiing

Regjeringa innleier Stortingsmelding nr. 15 (2017 – 2018) på følgande vis:

Reforma Leve heile livet skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger, ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei har behov for det, at pårørnde kan bidra utan at dei blir utslitt og at tilsette kan bruke sin kompetanse i tenestene. Meldinga sitt hovudfokus er å skape eit meir aldersvennleg Noreg og finne nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp, samanheng og overgangar i tenestene.

I modellen under finn ein framdriftsplanen som regjeringa har lagt til grunn for reformarbeidet *Leve heile livet*. Denne planen finn ein att i fase 2 – beslutningar. Planen skal handsamast i kommunestyret i Modalen innan utgongen av 2021.



Oppdatert informasjon frå Statsforvaltaren hausten 2021 er at planperioden er forlenga til ut 2024 (fase 4).

1. Føremål

Kva skal *Leve heile livet* tyde for våre innbyggjarar og vår kommune?

I Modalen kommune skal reforma *Leve heile livet* bidra til at eldre kan meistre livet lenger. Dette skal skje gjennom aktiv samfunnsplanlegging og mobilisering av ressursar.

2. Forankring

For at alle skal kunne oppleve eigarskap til det arbeidet planen skal rette seg mot er det vesentleg at alle berørte partar og interessentar får moglegheit til å påvirke og/eller medvirke i plan- og prosessarbeidet. Det har me søkt å få til ved å rette oss breidt ut mot innbyggjarane.

Kartleggings- og planleggingsfasen har gått føre seg fram til hausten 2021. Følgande aktivitetar og møtepunkt har blitt gjennomført:

- Det vart etablert ei gruppe som skulle ha eit overordna planansvar. Deltakarar var Kjetil Eikefet (ordførar), Jo Tømmerbakke (rådmann), Linda Lundekvam (representant for eldreråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne), Tone S. Skuggevik (teknisk sjef) og Ove Sæbø (ass. rådmann). Denne gruppa har teke del på samlingar som har vore i regi av t.d. Statsforvalaren. I tillegg vart det samla ulike deltakarar som skulle ha eit meir fagleg og operativt ansvar. Her deltok m.a. leiinga ved pleie- og omsorgstenesta, Ingunn Krossnes (aktivitør Modalstunet), Inga J. Nåmdal (repr. frå eldrerådet og råd for personar med nedsett funksjonsevne). Dei to gruppene vart etterkvart smelta saman.
- Rådmannen si leiargruppe har hatt saka til handsaming kor det vart semje om at alle leiarane skulle drøfte i sine einingar. Føremål var å sjå på korleis ein vurderte forholda rundt reforma sine satsingsområde i dag, og kva som kunne vore moglege ynskjer for ei kvalitetsforbetring. Dette skulle bidra til å danne grunnlag for målsetjingar.
- Aktivitør Ingunn Krossnes (pleie- og omsorgstenesta) har presentert og drøfta reforma og føremålet med det lokale reformarbeidet i onsdagstreffen/dagsenteret på Modalstunet. Dette forætt treff sær mange av innbyggjarar i 65 år+gruppa. Her vart det meldt om høgt engasjement og god deltaking.
- Brukarrepresentant (Råd for eldre og personar med funksjonsetting) Inga J. Nåmdal har hatt kontakt med ulike eldre i kommunen og har drøfta behov og ynskjer.
- Administrasjonen har utarbeida papirbrosjyre med informasjon om reformarbeidet i Modalen, samt invitasjon til å komme med forslag og evt. andre innspel. Brosjyrane har blitt distribuert gjennom Helsesenteret, Modalstunet, lokalbutikken og kundetorget.
- Pleie og omsorgstenesta har hatt saka oppe til drøfting blant sine tilsette på fagdagar.
- Skulen har formidla og drøfta med sine tilsette.
- Barnehagen hadde saka oppe til drøfting blant sine tilsette på planleggingsdag.
- Kundetorget har drøfta blant sine tilsette.
- Reformarbeidet vart presentert og drøfta i møte med dei hovudtillitsvalde i Modalen. Her tok også hovudverneombodet del.
- Ordførar har orientert og drøfta med formannskapet undervegs (juni 2021).

- Det vart gjennomført ein innspelsrunde med Råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne i september 2021.
- Det vart gjennomført ein innspelsrunde kor lag og organisasjonar i Modalen vart inviterte til å komme med sine tankar. Her nytta me eit arbeidsutkast som refleksjonsgrunnlag.
- Ungdomsrådet hadde saka oppe på 2 møter kor dei valde å gje innspel til planarbeidet. Her vart det peika på ynskjer om
 - fleire arrangement retta mot eldre, t.d. turar
 - transporttenester for eldre slik at dei i større grad kan besøkje andre
 - at eldre skal kunne bu lenger heime
 - at det vert sikra plass på Modalstunet når behovet er der

Ungdomsrådet stiller seg bak dei 5 innsatsområda som planen byggjer på. Som generell uttale til tanken om vaksenliv og alderdom seier dei:

Dei fleste ynskjer å bu heime så lenge som mogleg. Nokre er opne for gamleheim når helsesituasjonen tilseier at det er er best. Me ynskjer å vere friske og spreke og å kunne gjere småjobbar heime. Me vil ynskje å kunne reise på besøk til kvarandre og at venegjengen lever lenge. Uroa over å vere den siste gjenlevande.

3. Bakgrunn for behov og endring

Me har skaffa oss ein viss innsikt over korleis me har det i vår kommune gjennom å ha reflektert over m.a. følgande:

- Kva behov har me?
- Kva må me eventuelt endre på framover?
- Kva gode døme har me på planlegging i Modalen kommune i dag?
- Korleis ser kommunen si demografiske utvikling ut?
- Korleis er kommunen sine rammetilhøve? Økonomiske prognosar og planar?
- Kva objektive fakta skal me leggje til grunn?
- Kva er relevant for vår kommune

Det vart undervegs i prosessen utarbeida kartleggings-/arbeidsskjema som skulle bidra til refleksjons- og drøftingsarbeidet. Skjemaet inneheldt 5 kolonner:

1. Synte til kvart av dei 5 satsingsområda i reforma.
2. Greidde ut og konkretiserte kva kvart innsatsområde innebar og moglege løysingsforslag.

3. No-situasjonen i Modalen. Her søkte me å skaffe ei oversikt over korleis innbyggjarane og andre informantar si oppleving av korleis stoda er i Modalen per i dag.
4. Ynskt situasjon. Med utgangspunkt i det ein veit, ynskjer eller tenkjer; kva ville vore draumetiltaka?
5. Med utgangspunkt i dei 4 første – utarbeida konkrete mål å arbeide mot dei næraste åra.

PLANLEGGING I MODALEN KOMMUNE IDAG

Kommunestyret vedtek innan første år i kvar nye periode ein *kommunal planstrategi*. Denne drøftar utfordringar og utviklingstrekk i Modalen for kommande 4 år, samt kva planprioriteringar kommunestyret vil gjere for å imøtekomme desse utfordringane og utviklingstrekk. Aldersvenleg samfunn skal være eit naturleg punkt i kommuneplanen sin arealdel.

Sektor-/temaplanar er sentrale fordi her blir konkretisering til. Kva dette vil tyde i praksis kjem betre til syne gjennom *kva og korleis* ein prioriterar. Slike planar gjer det mogleg å få prioriteringar inn i t.d. budsjettplanar slik at ein betre kan sjå økonomiske konsekvensar.

FN sine berekraftsmål er lagt til grunn i arbeidet med **Leve heile livet i Modalen**. Mål nummer 3 «god helse og livskvalitet» legg føringar på arbeidet i Modalen:

God helse er en grunnleggende forutsetning for menneskers mulighet til å nå sitt fulle potensial og for å bidra til utvikling i samfunnet. Hvordan helsen vår er, påvirkes av miljø, økonomi og sosiale forhold og mål 3 inkluderer mennesker i alle aldre og ivaretar alle dimensjonene (<https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal/god-helse-og-livskvalitet>).

Viktige område å arbeide med framover er knytt til sosiale forhold og psykisk helse.

Folkehelseoversikt Modalen kommune 2021 peiker mellom anna på følgande utfordringar (<https://www.modalen.kommune.no/SysSiteAssets/nyheiter/folkehelseoversikt--2021.pdf>):

- Stor auke i talet eldre i åra framover
- Kommunen bør gjere ei vurdering av kva bustadar som skal satsast på dei neste 20 – 30 åra – ein bustadplan. Her må ein m.a. ta høgde for fleire eldre og korleis ein vil sjå kostnader til eldreomsorg i eit slikt ljøs. Det bør vere eit mål at fleire eldre kan bu heime lengre. Einsemd blant eldre som bur aleine er ein mogleg utfordring.
- Uvisse om me har gode nok, og tilstrekkeleg med sosiale møtestadar.
- Vurdere å auke delen gang- og sykkelveg i kommunen. Dette vil kunne legge til rette for auka fysisk aktivitet i staden for bilkøyring.
- Vurdere t.d. nærområdeutvikling for m.m. å initiere fellesprosjekt mellom innbyggjarar – utvikle sosiale møtestadar.

- Utarbeide plan for korleis ivareta det frivillige miljøet på best mogleg vis.

Planstrategien peikar mellom anna på at det i kommande periode skal utarbeidast ein ny helse- og omsorgsplan (HO-plan). Her vil mykje av arbeidet og prioriteringane for sektoren verte utarbeida i prosessar som skal utarbeidast i eit samspel mellom fagleiing, tilsette, brukarar og politisk nivå. **Leve heile livet i Modalen** vil få ein sentral plass i den kommande HO-planen.

Me skal aktivt nytte kunnskap og informasjon i arbeid med planstrategi og kommuneplan. Kommande kommuneplan skal leggje til grunn **Leve heile livet i Modalen** i den vidare samfunnsplanlegginga.

I **Leve heile livet i Modalen** vil du under punkt 8 kunne sjå status og moglegheitspotensialet for dei 5 innsatsområda reforma tek opp i seg. I tillegg vil du kunne sjå kva konkrete målsettingar som Modalen kommune skal arbeide mot. Alle øvrige planar som vert utarbeida i kommunen framover skal leggje **Leve heile livet i Modalen** til grunn og vurdere moglege samanhengar samfunnsutviklinga kan byggje vidare på.

I Modalen er det etablert møteplass gjennom faste leiarmøter ein gong i månaden. Her møtes rådmann og leiarar for helse, pleie og omsorg, plan, teknisk, skule og barnehage. I styringsgruppa for prosjekt Leve heile livet er pleie og omsorg og teknisk etat med. Det er rådmannen sitt ansvar å informere politisk nivå. Kommunepolitikarar har i tillegg eit sjølvstendig ansvar for å etterspørje og setje saka på dagsordenen.

DEMOGRAFISK UTVIKLING

Noreg opplever ei utvikling med aldrande befolkning – fleire lever lenger. Statistikk tyder på at fødselstala går nedover i Nordhordland. Dette vil òg kunne gjelde for Modalen.

Folketalsveksten i regionen vår tilseier at Modalen ikkje kan forvente mange nye innbyggjarar i åra som kjem. Frå folkehelseoversikten vår (2021) ser me at det i aldergruppa 15 – 45 år er mange som flyttar ut av kommunen for å utdanne seg. I tillegg vert mange verande ute av kommunen fordi det er ein avgrensa arbeidsmarknad i Modalen.

Samla vil dette kunne peike mot at ynskjer og behov frå brukarar innanfor helse- og omsorgstenestene kan skape eit press på kommunar som vert vanskeleg å imøtekomme i framtida. Det kan me velge å ta som ein inspirasjon til å skape ei samfunnsutvikling i vår kommune som inneber å leve eit godt liv – heile livet i Modalen.

ØKONOMI

Den generelle økonomiske utviklinga for Modalen dei kommande 5 – 7 åra tilseier at det vert reduksjon i inntekter medan utgiftssida vil auke. Dette vil ein finna att i økonomiplanar som vert rullert i kommunestyret kvar desember.

Samstundes er dette utfordringar me deler med dei fleste andre kommunar i landet. Og utfordringar har kommunnar alltid hatt. I dette biletet er me alle tvungne til å tenkje nye tankar. Er det til dømes mogleg å tenkje seg ei varmare samfunn utan at det skal koste meir? Er det råd å tenkje seg meir omsorg? Meir støtte og hjelp i kvardagen? Kanskje det også kan vere råd å setje oss alle i stand til å kunne meistre meir i eige liv?

Det er ulike vegar å gå for å få dette til. Til dømes vil det kunne vere mogleg å mobilisere ressursar i lokalmiljøet, rundt oss (pårørande/familie), hjelpe oss til å hjelpe oss sjølve – t.d. ved å ta i bruk ny teknologi.

Me vil bli utfordra på å sjå at den økonomiske botnlina ikkje er eit parameter som står aleine. Me må også vurdere kva sosiale og økologiske botnliner som skal gjelde.

Dette vil i større grad bli synleggjort i kommande helse- og omsorgsplan og budsjett- og økonomiplanar framover.

Kommande helse- og omsorgsplan vil problematisere forhold rundt kompetanseutvikling, velferdsteknologi/ressursbruk og målsetjingar for tenestene for framtida.

4. Aktørar og interessentar

Kva grupper eller einskildpersoner kan ha interesse av å ta del i utforminga av **Leve heile livet i Modalen**?

Det er ulike interessentar på ulike nivå – og kanskje til ulik tid. Perspektivet må rette seg mot både notid og framtid. Modalen kommune har difor søkt å kartleggje og invitere inn alle som kunne tenkje seg å bidra. Å bidra kan også bety å vere orientert. Det krevst ikkje noko aktive bidrag.

Eit sentralt spørsmål er å undersøkje kva ressursar som kan mobiliserast inn i det framtidige arbeidet. Me veit at kvar og ein av oss er ressursar i eigne liv. Pårørande/familie er viktige ressursar, samt at frivilligheit kan spele ei rolle. Ikkje minst er me opptekne av kva me kan mobilisere av kompetanse i tenestene våre inn mot brukarane. Her er det m.a. eit potensial for å sjå ressursar i ein samanheng; kva kan t.d. pleie og omsorg få til saman med teknisk etat?

Følgjande oversikt syner kartlagte interessentar.

Aktør/interessent	Interesse
Kommunestyret	Lokaldemokratiet sitt øvste organ som også har ansvar for å vedta kommunal plan for Leve heile livet i Modalen .
Formannskapet	Er planutval og drøftar/innstiller plansaker til kommunestyret.
Ordførar	Har eit særleg ansvar for å oppsøkje og lytte til innbyggjarstemmene.

Rådmann og leiargruppa	Skal greie ut og leggje fram saker for kommunestyret. Leiarane har ulikt fagansvar, og skal kople på sine medarbeidarar.
Tilsette i dei ulike einingane: <ul style="list-style-type: none"> - Helsesenteret - pleie og omsorg - teknisk etat m/ avd. for uteseksjon og reinhald - skulen - barnehagen - kundetorget 	Tilsette har interesser knytt til kompetanse, arbeidssituasjon, oversikt og innsikt i ulike sider ved modalssamfunnet. Dei skal i mange av tilfella vere utøvande for å sikre måloppnåing. Viktig innspelsgruppe med stor grad av variasjonsbakgrunn.
Økonomisjef	Skal bidra med kunnskapsgrunnlag og rammetilhøve. Kan gje innspel til god ressursbruk og ha eit sektorovergripande perspektiv.
Råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne	Sentral interesseaktør i det politiske systemet i Modalen. Skal m.a. ivareta og fremje interessene til målgruppa for reforma.
Onsdagsklubben/dagsenteret	Representerer målgruppa 65 + og har førstehands kunnskap om korleis livskvaliteten i aldersgruppa er og evt. kan betrast. Fellesskapet i denne gruppa bidrar til ein stor og viktig del i kunnskapsgrunnlaget.
Ungdomsrådet	Rådet representerer unge som er framtidige eldre. Dei har kanskje besteforeldre, dei vil ta del i politisk arbeid for å sikre sine foreldre ein god alderdom. Dei er i tillegg dei som skal forme modalssamfunnet gjennom deltaking i arbeidsliv, kulturliv og politisk liv i åra som kjem.
Tillitsvalde	Kan bidra med synspunkt og perspektiv frå tilsette i sine organisasjonar. Det kan omhandle arbeidforhold, kompetanseutvikling og liknande.
Verneomboda	Kjenner og er opptekne av tilsette sitt arbeidsmiljø. Kan bidra til å gje innspel som betrar/utviklar desse forholda.
Innbyggjarar <ul style="list-style-type: none"> - Aldersgruppa 65 + - Bebuarar på Modalstunet - Øvrige innbyggjarar 	Her har me tenkt at desse gruppene vil kunne gje særers verdfulle innspel i arbeidet.

	Me har i tillegg tenkt at lag- og organisasjonar er viktige samspealarar.
Pårørande til bebuarar på Modalstunet	Kan bidra med ytterlegare brukar-/påørørandeperspektiv.

Hjelpesprsmål som kan vere aktuelle å stille til oss sjølv og kvarandre i samskapingssarbeidet no og i åra framover:

- Kva kan me oppnå saman?
- Kven kan hjelpe til?
- Korleis kan alle aktørane sine samla ressursar samlast for å skape robust innovasjon?
- Korleis skal me arbeide for å skape noko nytt saman?
- Skjer det noko i kommunen allereie som me kan støtte opp under?

5. Føresetnadar for å lukkast

Modalen kommune skal ta ansvar for å understøtte gode innspel og initiativ frå innbyggjarar og organisasjonar. Me må tenkje gjennom kva moglegheiter me har for involvering og samskaping. I dette ligg det at me også vurderer moglege nye arenaer.

For å få til involvering må ein *leggje til rette* for dette. Kven, korleis, kortid skal det involverast (systematisk). Medverknad treng ikkje nødvendigvis bety direkte involvering. Gode kjelder i arbeidet så langt har vore råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting, ungdomsråd, frivillige lag og organisasjonar, folkemøte og høyringsinnspel.

For at me skal lukkast med ein plan som tek opp i seg heile Modalen og alle som bur her, har me i stor grad nytta oss av invitasjonar, førespurnadar og møter. I tillegg har me drøfte med einskildpersonar. Blant dei ca. 380 innbyggjarane i Modalen vonar me på dette viset å ha nådd fram til dei fleste.

Eit viktig spørsmål å stille seg er korleis me kan få *fleire* innbyggjarstemmer? Korleis nå dei som er vanskelege å nå?

Her har me søkt å invitere gjennom kommunen si heimeside og facebook for dei som ynskjer å ta del på digitalt vis.

Det er sjølv sagt også viktig å trekkje fram at med eit innbyggjartal på ca. 380 er det avgrensa kor mange fora/møter/konstellasjonar me kan samle utan at me «brukar opp» deltakarane. Me har difor søkt å navigere på eit vis som gjer at me kan nå dei aller fleste.

Rådmannen v/ Kundetorget skal utarbeide informasjonsdel på kommunen si heimeside som skal omhandle:

- Kva arbeid går føre seg no og framover relatert til planen.
- Korleis kan du som innbyggjar ta del i arbeidet med å oppfylle planen sine intensjonar.

- Kva kan du som innbyggjar over 65 år vente deg frå Modalen kommune som relaterer seg til planen.

6. Kunnskapsgrunnlaget

Eit spørsmål me har reflektert over er om kunnskapsgrunnlaget i planen er tilstrekkeleg. Kunnskap i denne samanhengen omhandlar fagkunnskapen me hentar frå Stortingsmeldinga/reformdokumentet, dei ulike einingane i kommunen, ulike statistikktenester, regional kunnskap frå Vestland fylkeskommune, innspel/rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland, drøftingar i det interkommunale samarbeidet for Nordhordland m.m.

Det aller viktigaste er likevel innbyggjarstemmene. Her finst det viktige stemmer som må lyttast til; eldre og unge som vert framtidige eldre.

Lokaldemokratiet i Modalen kommune har gjennom mange år utarbeidd retning og innhald for innbyggjarane. Dette finn ein igjen i ulike vedtak som er gjort i kommunestyret. Hovedtrekka er samla i kommunale planar.

Til slutt så må me tenkje oss reforma som nybrottsarbeid; kva verktøy – planverktøy eller anna – kan me ta i bruk for å sikre best mogleg kunnskapsmessig oversikt og innsikt?

I møter med innbyggjarar som høyrer inn under 65 år + er det jamnt over meldt tilbake at det er godt å bli eldre i Modalen. Dette vert også meldt frå deltakrane på *onsdagstreffen*, frå *råd for eldre og personar med funksjonsnedsetting*. Ein trekk fram:

- Plass når ein ynskjer det på Modalstunet
- God heimelaga mat på Modalstunet
- Gode nettverk i Modalen kor innbyggjarar hjelper kvarandre
- Gode treffpunkt som onsdagstreffen, pensjonistlag m.m.
- Hyggjeleg nærmiljø på Mo – lett å komme seg rundt for dei som bur nær.
- Gode og tilgjengelege helsetenester.

KARTLEGGING 2019

Fysioterapitenesta i Modalen gjorde i 2019 ei kartlegging kor det vart sendt ut spørjeskjema til alle vaksne i kommunen (235 skjema). Føremålet var å kunne få innspel til kva utfordringar ein såg føre seg når alderdomen nærma seg, aktivitetsynskje for eldre, tenestebehov, tankar om relasjonar, tankar om butilhøve siste del av livet, ynskje om å ta del som frivillig for å betre eldreomsoga i kommunen.

I oversikten under er innspela lista opp:

Kva er viktig for deg når du blir eldre?
Tryggleik
Gode sosiale tilbod

Kunne rør seg

At eg veit at eg får hjelp den dagen eg treng det

Lett tilgang på hjelp når det trengst. Møteplassar for variert samvær.

Få den hjelpa eg treng

Ha eit lettstelt hus som fungerer.

Tid og overskot til å gjera dei tinga som gir meg glede (døme: lesa, strikka, jobba i hagen)

At det blir lagt til rette for at eg kan halde fram med dei tinga som gjer meg gleda.

Tryggleik om at eg får hjelp når eg treng det

Være sjølvhjelpen.

Ha nokon å prata med/sosialt samvær

Ha nokon å gå tur med

Kva er meningsfulle aktivitetar for deg når du blir eldre?

Gå tur med hunden

Trim/ trening, til dømes måndagstrim

Sosialt samvær, til dømes onsdagstilbodet

Laga mat og å stella blomstrar

Gå ute, bruka kroppen og sosialt samvær

Eit aktivt menighetsliv/ gudstenester

Å kunne bidra til fellesen

Fellesaktivitetar

Ut å gå! På ski om vinteren! Hagearbeid!

Handarbeid/ strikkekafear.

Lesabøker/ Låne bøker på biblioteket.

Lesavisar

Radio, tv, musikk

Hagearbeid

Sosial deltaking

Konsertar

Å ha kontakt med barn og barnebarn, familie

Pensjonistlaget

Kva tenester kan du sjå føra seg at du treng i frå Modalen kommune når du blir eldre?

Heimesjukepleie, heimehjelp, vaskehjelp

Gode tilbod som heimehjelp m.m.

Rydde snø, og å slå plenen, og tannlege på Mo. Vaska huset

Hjelp til praktisk småting i huset som å byta batteri og å skifta ei lyspære, og dessutan å hjelp til personleg stell

Tilbod om ulike skyssordningar.

Hjelp til plenklipping, snømåking, salting/ strøing

Kontaktperson som kan ordna enkle ting i heimane.

Tryggleik for å få sjukeheimplass når det er nødvendig.

Det kjem an på kva helsetilstand eg er i

Ein plass på Modalstunet når eg treng det

Fysioterapi, støttekontakt og transport

Har du nære relasjonar (familie eller andre) i nærleiken?

80% svarte ja (enten familie eller nabonettverk)

10 % svarte nei

10% svarte: «Har no, men veit ikkje korleis det er i framtida»

Ser du for deg at du skal bu heime når det går mot slutten av livet?

60% svarte nei

30% svarte «Om eg får det som eg vil».

10% svarte «Kjem an på helsetilstand»
Har bustaden din livsløpsstandard?
40% svarte j 30% svarte nei 30 % svarte «Nei, men det kan fiksast
Kunne du tenkt deg/ har du kapasitet til å stilla opp som frivillig for å betra eldreomsorga i kommunen?
30% svarte nei 40% svarte «Har lyst, men opplever det som problematisk pga helsa» 30 % svarte ja
Om ja: Kva kunne du tenkt deg å bidra med?
Besøkteneste, og å vera med på å arrangera aktivitetar

7. Mål

Leve heile livet i Modalen har føremål som vist under punkt 1. Dette konkretiserer me ved å tydeleggjere i form av *målbare* mål. Me har valgt å gjere dette innanfor kvart innsatsområde. Måla kan få innverknad på andre og framtidige planar. Dei vil difor også kunne bli å finne i t.d. ein helse- og omsorgsplan, kommuneplan m.m.

Det er med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget og dei innspel og vurderingar som vert gjort av alle aktørar me søker å setje mål. I skjema under har me satt opp kva som skal vere målsetjingane. Det er dette me vil søkje å få til framover.

ALDSERSVENLEG SAMFUNN

Hovudfokus frå stortingsmeldinga (WHO):

- utendørsområde og bebygging
- transport
- bustad
- sosial deltaking
- respekt og sosial inkludering
- deltaking i samfunns- og arbeidsliv
- kommunikasjon og informasjon
- helse- og sosialtenester

Innsatsområde
Aldersvennleg samfunn
Mål
1) Barnehagen vil arbeide for å styrkje barn innan ulike former for livsmeistring – empati og kjensler. Dette for å sko alle innbyggjarane frå tidleg i livet til å verte gode ressursar for seg sjølve og målgruppa.
2) Modalen kommune vil i alle aktuelle planar framover søkje å rette seg inn mot aldersvennleg bustadplanlegging. Hovudføremål er å kunne leggje til rette for bustad og

tenestetilbod innanfor eit avgrensa område. Dette skal komme til syne i kommande kommuneplan og alle underliggende planar (del-, sektor- og temaplanar). Eit døme er samlokalisering av bustadar for eldre – tun.

- 3) Modalen kommune vil søkje å greie ut om det er råd å få etablert ei form for transportstøtte til eldre som har behov køyring innad i dalen (handle på butikk, sosiale treff på Mobryggja/anna, fotpleie, frisør, bibliotek, offentlege kontor m.m.). I tillegg undersøkje moglegheit for å etablere tilbod om køyretur til Knarvik for å handle ein gong pr. månad.
- 4) Søkje å lage prosjekt kor føremålet er å gje tilbod om enkel databehandling til eldre.
- 5) Modalen vil søkje å undersøkje løysingar som kan hjelpe til med enkelt førefallande arbeid for eldre. Prosjektet bør også innebere ei administrasjons-/koordinatorløysing.
 - a) Undersøkje om det er råd å etablere ei form for ambulerande vaktmeisterteneste for eldre gjennom året. Oppgåver vil vere skifte lypærar, måke snø, handle, bære ved, måle hus, vaskehjelp m.m. – praktisk bistand i kvardagen.
- 6) Modalen kommune vil søkje å etablere eit tilbod om økonomisk planlegging og rådgjeving til eldre.
- 7) Skulen ynskjer å oppmode elevar til å vurdere utdanning innan helsefaga. Desse bør få moglegheit til å besøkje Modalstunet for informasjon og inspirasjon. Skulen vil samarbeide med pleie- og omsorgstenesta om dette og oppmode tilsette frå pleie og omsorg om å besøkje skulen for å fortelje om yrket sitt.

Evaluering av mål:

MAT OG MÅLTID

For å møte utfordringane vert det føreslått fem løysingar kor målet er å redusere underernæring og skape gode mat- og måltidsopplevingar for den enkelte:

- Det gode måltidet
- Måltidstider
- Valfridom og variasjon
- Systematisk ernæringsarbeid
- Kjøkken og kompetanse lokalt

Innsatsområde

Mat og måltid

Mål

- 1) Modalen kommune skal tilby målgruppa eit *temamåltid* kvart halvår (haust og vår) med tilhøyrande lett underhaldning. Dette kan skje på Modalstunet eller kommunehuset.
- 2) Modalen kommune skal søkje å tilby seminar/kurs kor ernæringsfysiolog gjev opplæring knytt til spesialkost og endring i kosthald ved sjukdom.
- 3) Modalen skal oppretthalde eige kjøkken på Modalstunet.

Evaluering av mål:

HELSEHJELP

For å møte utfordringane vert det føreslått fem løysinger kor målet er å auke meistring og livskvalitet, førebygge funksjonsfall og gje rett hjelp til rett tid:

- Kvardagsmeistring
- Proaktive tenester
- Måltrettet bruk av fysisk trening
- Miljøbehandling
- Systematisk kartlegging og oppfølging.

Innsatsområde
Helsehjelp
Mål
<ol style="list-style-type: none"> 1) Tilbod om førebyggjande heimebesøk for innbyggjarar frå 80 år og oppover. Føremål: hente fram den einskilde sine ressursar, bidra til tilrettelegging i heimemiljøet, styrke den einskilde sine moglegheiter for å halde seg frisk og aktiv lengst mogleg. 2) Leggje inn fallførebyggjande trening på samlingspunkt som mandagstrimmen (Bryggjeslottet), torsdagstrimmen (Øvre Helland), og på onsdagstreffen (Modalstunet). 3) Modalen kommune skal søkje å tilby kurs/informasjonsmøte for målgruppa kor tannpleie vert fokus. 4) Modalen kommune skal søkje å tilby sorgarbeid i samband med alvorlege hendingar som rammar. Dette skal vere utanom kriseteamet og dei oppgaver dei skal løyse. I tillegg skal det vurderast tilbod om støtte til pårørande. 5) Undersøkje om det er mogleg å etablere legetilbod for bebuarar på Øvre Helland samstundes med at lege utfører tilsyn på Modalstunet. Slik vil tenester kunne oppretthaldast til eldre der dei bur.
Evaluering av mål:

SAMANHENG I TENESTA

For å møte utfordringane vert det føreslått fem løysinger kor målet er å gi auka kontinuitet, tryggleik og føreseielegheit i pasientforløpet til eldre og deira pårørande:

- Den enkelte sine behov
- Avlastning og støtte til pårørande
- Færre å forhalde seg til og auka kontinuitet
- Mjukere overgonger mellom eigen heim og sjukeheim
- Planlagte overgonger mellom kommunar og sjukehus

Innsatsområde
Samanheng i tenestene
Mål

- 1) Modalen kommune skal synleggjere «omsorgstrappa» for innbyggjarar på heimesida – samt kva denne inneber. Deretter skal det vere tydeleg informert om utad til innbyggjarane kva tiltak kommunen rår over, og kan setje inn for at målgruppa kan klare seg best mogleg – og lengst mogleg – heime.
- 2) Styrke personsentrert tilnærming til pasientar på sjukeheimen.
- 3) Koordinerande eining for habilitering og rehabiliteringstiltak i Modalen skal prioritere å sikre:
 - a) gode tilbod/oversikt over habiliterings- og rehabiliteringstiltak i helseregionen
 - b) gode tilbod/oversikt over tilbod til pasientar med behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering/rehabilitering.
 - c) godt koordinert med pleie og omsorgstenesta
 - d) rask etablering av individuell plan (IP) og oppfølging av denne, evt etablering av koordinator.

Evaluering av mål:

AKTIVITET OG FELLESSKAP

For å møte utfordringene vert det føreslått fem løysingar kor målet er å skape auka aktivitet, gode opplevingar og fellesskap:

- Gode augneblink
- Tru og liv
- Generasjonsmøter
- Samfunnskontakt
- Sambruk og samlokalisering

Innsatsområde
Aktivitet og fellesskap
Mål
<ol style="list-style-type: none"> 1) Kartleggje frivillige lag og organisasjonar i Modalen, og undersøkje kva dei evt. kan bidra med til innbyggjarane. 2) Etablere «ganglag». Undersøkje og publisere dersom det er nokon som går turar saman og som har plass til fleire. Kanskje faste dagar/klokkeslett? 3) Undersøkje om det er mogleg å etablere ei koordinatorløysing i Modalen som kan hjelpe med å kople ressursar og tenester til eldre? 4) Vurdere om ungjobb (sommar) kan rettast meir inn mot målgruppa. 5) Vurdere om det er frivillige/arbeidssøkjande som kan utføre oppgåver. 6) Barnehagen skal kvar desember invitere besteforeldre til Lucia-feiring i barnehagen. I tillegg skal barnehagen invitere pensjonistar i Modalen til å komme og sjå Luciatogget, spise lussekattar og ta del i julebakst saman med barna. 7) Barnehagen skal min. ein gong kvart halvår besøkje Modalstunet for å ta del på bingo og opptre med song/underhaldning.

- 8) Frivillege krefter i Modalen skal oppmodast til å ta eldre frå Modalstunet/heimesitjarar ut på tur, kino, handling, bilturar m.m.. Dette for å sikre fysisk aktivitet. Modalen kommune vil søkje å koordinere slikt tilbod – aktivitetsven.
- 9) Modalen kommune skal søkje å saman med frivillige krefter å organisere besøksven for interesserte i målgruppa. Dette skal gjelde både institusjonsbuarar og heimebuarar.
- 10) Modalen kommune skal undersøkje og kartleggje moglegheit for å etablere tilbod om kontakttelefon for å motvirke einsemd, sikre livsmeistring. Dette må sjåast opp mot andre tilsvarande tilbod regionalt/nasjonalt.
- 11) Gjennomføre jamnleg skrivekursrekke for eldre i biblioteket. Kombinere med historieforteljingar.
- 12) Undersøkje om det er råd å etablere velveredagar for eldre; fotpleiar, frisør, tannpleiar m.m.
- 13) Undersøkje moglegheit for at alle eldre som ynskjer det skal få tilgang til ein primærkontakt som dei kan vende seg til dersom dei har ynskjer og behov.
- 14) Det bør arbeidast for å sikre ei god turløype på Mo og Øvre Helland (kanskje fleire stadar) kor det er maks 200 m. mellom kvar benk.
- 15) Modalen kommune skal gå gjennom sin informasjonspraksis for å sikre at spesielt eldre vert ivaretekne og mottar aktuell kommunal informasjon. Ikkje alle er på digitale medier – eller dei ulike digitale media.
- 16) Det bør arbeidast for at barnehagen gjennomfører faste bakedagar på Modalstunet. Dette vil i tillegg kunne medverke til rekruttering til sektoren.

Evaluering av mål:

8. Evaluering

UNDERVEGSEVALUERING

Det skal haldast eit årleg møte kvar haust kor rådmannen v/ ass. rådmann inviterer leiarane i rådmannen si leiargruppe, råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne, lag og organisasjonar, instruktør ved Modalstunet og ordførar til eit drøftingsmøte.

Agenda for møtet skal vere å drøfte korleis arbeidet med planen fungerer.

- Kva er me nøgde med?
- Kva område kan forbeistrast?

SLUTTEVALUERING

Me må sikre at måla våre og arbeidet med desse vert evaluert. Reforma legg opp til at ein skal implementere måla i perioden 2021 til 2024. Rådmannen vil i etterkant av denne perioden – i byrjinga av 2025 - gjennomføre ei evaluering av måla og synleggjere status. Slik vert planen revidert for vidare arbeid.

Dette vert lagt fram for formannskapet (planutval) for drøfting og innstilling til kommunestyret for handsaming. Kommunestyret vil peike vidare retning for arbeidet.